



Til og med på Flatholm opererer sommartjuvane! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Olav Mæland med familie fekk ei overrasking då dei kom attende til Uskedalen etter fråver natta mellom 2. og 3. juli.

Då var deira North Marine gummibåt med ein fire hesters Yamaha Malta motor stole sjølv om båten hadde vore låst og sjølv om dei held til i et sterkt "trafikert" område på nordaustsida av Flatholm. Førebels har korkje uskedalen.no eller andre registrert noko uvanleg denne natta.

Men etter oppslag på SPAR meldte ei dame i Herøysund frå om at dei hadde funne ein motor bak ein stein. Det var den rette motoren, men det var ingen spor etter båten så seint som fredag føremiddag.

- No er det sesong for den slags, var kommentaren som lensmannskontoret kom med då tjuveriet vart anmeldt.

Mæland har telefon 971 42550 viss nokon har sett eller funne båten!

Av Ola Matti Mathisen